

### Kvifor ein steinpark?

Kva er meir naturleg enn ein steinpark i eit land fullt av stein og fjell? Berggrunnen har hatt avgjerande innverknad på utforminga av landskap, fjell og fjordar, dalar, innsjøar, elvar og fossar, og difor også på næringsvegane, kulturhistoria og livet vårt.

**Stein** er også alle tiders historieforteljarar. Ein liten stein frå Melderskin fortel oss om mineralar og grunnstoff og korleis fjellet vart til.

**Fossilane**, forsteina planter og dyr, er Jorda sine ferdsskrivarar som fortel om hendingar på Jorda bakover i tid, slik alle fly også har sine ferdsskrivarar.

**Reidskapar** og våpen i stein har lang levetid og fortel oss mykje om livet til dei tidlege menneska og om dei første menneska ved Hardangerfjorden.

**Tidsaksen** viser Jorda si 4600 millionar år lange historie, full av fantastiske hendingar, like frå starten og fram til menneska, til deg og meg. Kor tid dukka Livet opp på Jorda, og korleis er eigentleg historia til Livet? Kor kom dinosaurane frå og kor vart dei av? Korleis er menneska si historie? Den 23 meter lange Tidsaksen i granitt, er garantert verdas tyngste historieforteljning!



Fossil frå utstillinga i Dinosaurhuset.



### Kvifor har vi ein nasjonalpark?

Vasskraft har ein lang tradisjon på Folgefonnhalvøya, frå vasskvarnar til maling av korn frå 1200 talet, tømmer-sager frå 1500 talet og omfattande produksjon av fornybar elektrisk energi frå tidleg 1900 tal. Men «fornybar» betyr ikkje at vasskraft er utan konsekvensar for naturmiljøet, og i vernemotivet for Folgefonna Nasjonalpark er det særleg lagt vekt på å:

- Ta vare på eit verdfullt natur- og kulturlandskap
- Sikra verdfulle vassdrag, mellom anna fleire som også er verna mot kraftutbygging
- Ta vare på nokre av områda på Folgefonna som framleis er urørde av større tekniske inngrep
- Verna om kulturminne og kulturmiljø

### Rosendalstiftinga

er ei almennyttig stifting med føremål å samla, sikra og formidla kunnskap om natur, miljø og kulturhistorie.

### Steinparkens vener

har som føremål å bidra til drift, stell og vedlikehald av parken. Har du lyst å vera ven med Steinparken, som aktiv eller passiv medlem, er du hjarteleg velkomen. Medlemskap kr. 250,- pr. år. Kontonr.: 34601235333



ROSENDALSTIFTINGA

Rosendalstiftinga. Org. Nr. 983659284.

Tlf.: 476 27 878 – [www.rosendalstiftinga.no](http://www.rosendalstiftinga.no)

VIPPS: 135331 Kontonr.: 34601025045

Kvinnherad turistinformasjon – Tlf.: 53484280

[turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no)

# Steinparken



ROSENDALSTIFTINGA



Nokre av skulpturane  
i Steinparken.

**Steinparken** er ein sentral del av den naturfaglege formidlinga ved Besøksenter Folgefonna Nasjonalpark. Parken er utforma av **Rosendalstiftinga** i samarbeid med geologar ved Universiteta i Bergen og Oslo, Fossheim steinsenter, skulptør Bård Breivik og steinhoggar Rolf Karlsen. Parken er realisert med støtte frå Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune, Miljødirektoratet, Sparebankstiftelsen DNB, Sparebankstiftinga Kvinnherad, Norsafe as, Folgefonna nasjonalparksenter, SKL as, BKK, Nasjonalforeninga for folkehelse, og dugnad frå næringsliv og Steinparkens vener.



Frå Dinosaurhuset  
i Steinparken

## Steinparken (mill. år)

1. Dinosaurhuset
2. Anortositt med korona, Ytre Arna, Bergen (1150)
3. Xenolitt frå djupet, Fitjaheio Omvikedalen
4. Gneis, Måge, Ullensvang (1500)
5. Ulvanosigranitt, Uskedalen, (950 – 900)
6. Melderskinggranitt, Rosendal (950 – 900)
7. Augegneis, Larsstø Halsnøy (1500)
8. Augegneis, Digranes Ullensvang (1500)
9. Knusningsbreksje, Valenforkastinga, Langgåt
10. Konglomerat, Karmøy, Os og Gullfjellet (445-435)
11. Konglomerat, Stord, (445– 435)
12. Konglomerat, Jondal (1500)
13. Kvernsteinar
14. Fantasi: Rolf Karlsen, Pegmatitt, Naterstad (950-900)
15. Mjuk barndom, Markjelke
16. Anortositt, Rådal, Bergen og Månen (1150)
17. Jaspis, Langevåg Stord
18. Rasteplass, granittporfyr, Naterstad (950 – 900)
19. Thulitt, Lom på glimmerskifer Sollesnes
20. Migmatitt, skuringsstriper, sigdbrot Nordrepollen
21. Migmatitt, Nordrepollen (1500/1000)
22. Rasteplass Granitt, Kina
23. Amfibolitt, Naterstad (1500)
24. Gabbro, Varaldsøy (470-500)
25. Gabbro, Guddal, Fjellhaugen og Blådalen (1500)
26. Kulegabbro, Blådalshorjo Kvinnherad (1500)
27. Hexagon: Rolf Karlsen, migmatitt Mauranger (1500/1000)
28. Mot Melderskin: Bård Breivik, Svensk Vångagranitt
29. Grindbygg, larvikitt. Norges nasjonalstein (295)
30. Ein kjærastestein
31. Kleberstein, Rosendal (1500)
32. Kyrkjemur, klebersteinar, Måge Ullensvang (1500)
33. Restar av kvernhus
34. Serpentinittvariantar, Måge Ullensvang
35. Marmor, Moster, Notlandsvågen Bømlo (440 – 460)
36. Marmor, Varaldsøy Kvinnherad (440 – 460)
37. Agakvartsitt, Aga Ullensvang (1500)
38. Ein magisk stein?
39. Granat pyroksenitt, Åheim
40. Mylonittisk pegmatitt, Askøy (1500/440)
41. Leikedam
42. Til Deg
43. Tidsaksen
44. Black and red: Bård Breivik, svart diabas, raud vångagranitt

